

Berg Jølstra gruppa

6813 FØRDE

Norges Vassdrags – og Energidirektorat (NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

KRAV OM REVISJON – BRULANDSFOSSEN KRAFTVERK - SAK 202211556.

Underteikna viser til skriv frå Sunnfjord kommune om revisjonssak for konsesjonar, dagsett 03.06 – 2022. Vi ser positivt på initiativet frå Sunnfjord kommune, og oppfattar det som eit handslag fov å prøve å berge Jølstralaksen. Underteikna ber såleis om at det snarast vert opna revisjonssak for Brulandsfossen kraftverk.

Berg Jølstra er ei ressurssgruppe på 13 personar. Som medlemer i gruppa finn ein mellom anna fleire styreleiarer i NJFF lokalt, største fiskerettseigar i Jølstra og mangeårig tidlegare leiar i Førde Elveeigarlag/Bruland Elvelag. Anadrom strekning utgjer arbeidsfeltet til dei friviljuge i gruppa. Før etablering av gruppa i 2020 opplevde vi lenge frustrasjon grunna nedgangen i fangsttala for Jølstra. Innspel til Førde elveeigarlag om endring av strategi for å berge Jølstralaksen var avvist av styret i laget. Til overasking og frustrasjon for Berg Jølstra gruppa viste det seg at det sentrale elveeigarlaget i anadrom strekning ikkje lenger ville fronte konsesjonsproblematikken i Jølstra. Førde elveeigarlag avviste konsekvent at drift av Brulandsfossen kraftverk kunne vere årsak til eit svært dårleg fiske.

På styremøte i Førde Elveeigarlag 2. oktober 2017 les ein mellom anna under sak 3: «Vasstandsendingar:» (vedlegg 1) «I vår presenterte Bruland elvelag ei liste over vasstandsendingar som dei meinte var konsesjonsbrot. Styret i Førde Elveeigarlag har akseptert forklaringane til Sunnfjord Energi, og som innebar at det ikkje skjedde nokon konsesjonsbrot.....

Berg Jølstra gruppa viser og til referat frå styremøte i Førde Elveeigarlag 28. februar2018: sak 4: «Utfall i kraftstasjonen:» (vedlegg 2) «Fleirtalet i elveeigarlaget sitt styre meiner at Bruland elvelag bør rette seg etter vedtaket i Førde Elveeigarlag og innhente NVE sine vurderingar av dei påståtte utfalla. Det har vore utfall seinare som regulanten har varsla. Fleirtalet i styret ynskjer ikkje å gjere noko med/reagere på desse, og meiner utfalla har skjedd i samband med at regulanten har gjort utbetringar for å sikre seg mot at utfall skal skje i framtida.»

På side 27 i «Habitatkartlegging av Jølstra» (2019) les ein mellom anna fylgjande: (vedlegg 3) «I tillegg til gyteområder og skjulforhold, vil andre faktorer som for eksempel vannførings – og temperaturregime kunne være aktuelle flaskehalser for fiskeproduksjon. Omfanget av stranding av gyteområder og ungfisk som kan forekomme under hurtige vannføringsendingar ved eventuelle utfall av kraftstasjonen,er ikke vurdert i denne rapporten siden det ikke var en del av oppdraget.»

I Firdaoppslag 14. april 2021 står å lese: « Vie meiner ikkje kraftverket er ein del av problemet lenger. Tidlegare var det eit stort problem»

Leiaren i Førde elveeigarlag dokumenterer og understrekar her på vegne av styret i laget ein type kunnskapsresistens når det gjeld mogeleg skade på laks/sjøaure i Jølstra, som fylgje av konsesjonsbrot ved drift av Brulandsfossen kraftverk.

Berg Jølstra gruppa hevdar ikkje at Brulandsfossen kraftverk har all skuld for krisesituasjonen i lakseelva Jølstra i dag. Ut frå lokale feltobservasjonar, historisk utvikling og dokumentasjon vil vi likevel meine at etableringa av nye Brulandsfoss kraftverk er ei hovudårsak til krisesituasjonen i Jølstra i dag. I motsetning til Førde Elveeigarlag er vi overtydde om at kraftverket framleis påverkar sportsfisket negativt. Vi vil såleis vise til fylgjande dokumentasjon:

Nye Brulandsfoss kraftverk vart ferdigstilt/prøvekøyrert i 1988/89. Ved største utfall/vasstandsdropp i kraftstasjonen hausten 1989 vurderte sakkunnige at 75% av all ungfisk vart utrydda.

Dåverande regulant, Sunnfjord Energi, nekta å vedgå at regulanten også produserte brå vasstandfall, som med ujamne mellomrom tok livet av titusenvís av yngel. I 1992 sende elveeigarane formelt skriv til NVE, og bad i nemnde dokument om etablering av to automatiske måleiningar for vasstand. Kravet var heimla i konsesjonsvilkår for Brulandsfoss kraftverk: «Konsesjonæren plikter ved kraftverksdriften å sørge for at alle vannføringer skjer ved myke overganger. Spesiell forsiktighet må utvises ved reduksjon av vannføringen for at fisk i elveprofilens ytterkant skal få tid til å trekke seg mot sentrum». I brev dagsett 04.08 – 1993 (vedlegg 4) var tibakemeldinga at berre ein limnigraf vart etablert. Seinare kravde sakkunnige i erstatningsskjøn at ein målestasjon nr. 2 skulle byggjast, slik elveeigarane opprinneleg kravde, ut frå sine felterfaringar.

Sunnfjord Energi heldt fram med produksjon av både kraft og brå vasstandsendingar. Opprinnelege konsesjonsvilkår sa ingenting om ei konkret grense for lovleg/ulovleg drift av kraftverket. Vedlegg 5 viser svar frå Direktoratet for Naturforvaltning ved Norunn Myklebust, etter skriv sendt av Førde Elveeigarlag, der laget informerte om nedtappingar av Jølstra gjennom ca. 8 år.

9/10 september 1998 fekk leiar i Førde Elveeigarlag melding om nye brå vasstandsendingar. Etter styrevedtak vart saka politimeld med mellom anna biletdokumentasjon og vitneskildring som vedlegg. Biletdokumentasjon frå eitt av utfalla i september 1998 (vedlegg 6) viser eit dropp i vasstand på 14 centimeter, under utfallet og til vassføringa er tilbake som før droppet.

Attendemelding frå NVE var klar på at alle tre utfalla 9/10 september 1998 var konsesjonsbrot, men etter ca 10 år med miljøødeleggingar fanst framleis inga konkret grense for kva som var brot på norsk lov.

Brå vasstandsdropp og yngeldaude i Jølstra inntraff også etter 1998 med ujamne mellomrom. Førde Elveeigarlag heldt fram med å politianmelde regulanten, og systematisk sende dokumentasjon til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Direktoratet for Naturforvaltning. I skriv frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane av 05.09 – 2002 (vedlegg 7) finn ein mellom anna fylgjande formuleringar: »Det har vore problem med manøvreringa av Brulandsfoss kraftstasjon i meir enn eit tiår». «Fylkesmannen kan som regional forvaltar av villaksen ikkje gjere anna en å streke under at tilstanden i Jølstra er uakseptabel».

Svært omfattande dokumentasjon frå Førde Elveeigarlag og politimeldingar var viktige element i skriv frå Direktoratet for Naturforvaltning til Økokrim (vedlegg 8). Skrivet er dagsett 25.10 – 2002 og signert av dei sentrale direktørane Janne Sollie og Yngve Svarte. Direktoratet for Naturforvaltning beskriv på side 2 og 3 svart på kvitt ei krise i Villaksnoreg: «Vi gjer merksam på at det i Jølstra har vore problem med utfall i kraftverket i heile 13 år, slik at utfallsproblematikken i dette vassdraget manglar sidestykke på nasjonalt plan, noko som gjer det spesielt viktig å få vurdert dei strafferettslege aspekta i saka (sjå nedanfor)». Vedleggsoversikt til nemnde skriv viser at konsesjonsbrota i 2002 var blitt ei nasjonal sak, då ein finn både Norges Jeger og Fiskerforbund og Norges Naturvernforbund på lista over vedleggsinnspel.

Ut frå sitt samfunnsoppdrag kravde Direktoratet for Naturforvaltning i 2003 eit møte med NVE sentralt om drifta av kraftverket i Brulandsfossen. Møtet, der også Fylkesmannen i Sogn og Fjordane var deltakar, kom også i stand etter initiativ frå medlemmer i Olje og Energikomiteen på Stortinget. Berg Jølstra gruppa er kjend med at det på møtet var stor usemje mellom Direktoratet for Naturforvaltning og NVE. NVE sentralt var vesentleg meir liberale i høve til kva kraftverket kunne utføre av manøvrering. Ei samla forvaltning (DN, NVE og Fylkesmannen)kom fram til ei kompromissløyising: «NVE har i samråd med Direktoratet for Naturforvaltning og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane kommet fram til at vannstandsreduksjoner inntil 10 cm med varighet inntil 20 min målt ved Brulandsfoss ndf., som følge av utfall i Brulandsfoss kraftstasjon kan aksepteres. Episoder inntil et slikt omfang vurderes å ha minimale konsekvenser for bestanden av fisk i Jølstra. Dagens situasjon vurderes ikke å være tilfredsstillende ut fra disse kriteriene, og Sunnfjord Energi pålegges derfor å utbedre eksisterende lukearrangement.»

6. politianmeldelse av regulanten er dagsett 25.08 – 2002 – før reguleringsregime med «10 cm grense» i 2003. (vedlegg 10). Elveeigarlaget politimelder her fleire vasstandsdropp som konsesjonsbrot, men har også stort fokus på ei nedtapping som styret ikkje vurderer som konsesjonsbrot, men som likevel var årsak til massiv yngeldaude i Jølstra. (bilde vedlegg 11). Vasstandsdsnedtappinga under yngelutryddinga 15. og 16. august var på 9 cm, etter utskrift frå målestsjon Neset. Reduksjonen av vassføring skjedde over timar. Dette dokumenterer at nye konsesjonsvilkår fastsett i 2003 ikkje er eigna til å løyse problema Jølstralaksen strir med. Menigmann oppfattar 10 cm grensa som ein «papirtiger». Førde Elveeigarlag sitt dåverande styre hadde mellom anna følgjande vurdering i 2002: « Elveeigarlaget meiner å ha feltkompetanse som, gjer oss i stand til å vurdere deler av skaden Førdeelva vart påført 15/16 august 2002. Vi kjenner partia i elvesystemet som vart utsett for yngeldaude.»

Villaksen i Jølstra var framleis under vedvarande press frå eit nytt, men heller ueigna reguleringsregime, i alle høve om villaksen i elva skulle bergast. Vedlegg 12 viser sakliste frå landssamling i Surnadal kommune i 2004: «Når regulanten ikke overholder konsesjonsvilkårene – eksempel fra Jølstra i Sogn og Fjordane» var tema for Førde Elveeigarlag sitt foredrag. «Verstingstempelet» for den regulerte elva var endå ein gong dokumentert.

Som følgje av svært omfattande dokumentasjon frå elveeigarlaget tok Riksadvokaten tak i saka i 2007. Berg Jølstra gruppa kan ikkje sjå at noko anna elvekraftverk i Noreg har vore til vurdering ved Riksadvokatembetet, noko som igjen dokumenterer den svært alvorlege situasjonen for villaksen i vassdraget. Påteikningark frå Riksadvokatembetet, dagsett 07.05 – 2007, (vedlegg 13) konstaterer svært mange brot på konsesjon/norsk lov, men ber av ulike grunnar ikkje om foretaksstraff for Sunnfjord Energi. Riksadvokaten/Tor Aksel Busch si sluttvurdering på nest siste side har mellom anna følgjande formulering: « I oppsummeringsbrevet av 21. juli 2006 oppgir NVE at det i 2005 «bare» var ett utfall med vastandssenking på mer enn 10 cm og ingen i 2006 så langt man da hadde data. Heller ikke i ettertid har det kommet informasjon til Riksadvokaten om at det vi 2006 eller 2007 skal ha forekommet utfall som har medført uakseptabel vasstandsending jfr. ovenfor. Selv om det kan sies at det har tatt svært mange år å få på plass et system som sikrer at vannstandsendinger skjer i samsvar med konsesjonsvilkårene,.....»

I klartekst føreset Riksadvokatembetet at Brulandsfossen kraftverk vert drive i samsvar med konsesjonsvilkår/norsk lov. Riksadvokaten gjer vurderinga utan å ha fått informasjon om at dette ikkje stemmer. Riksadvokaten si vurdering er dagsett 07.05 – 2007- To grove konsesjonsbrot er identifisert 17, mars 2007 – lang tid før datoen for Riksadvokaten si sluttvurdering dagsett 07.05 2007. Fyrste brå vasstandsfall var på 14 cm, målt kl. 04.30. Andre brå vasstandsfall var på 17 cm, målt kl 15.50. Det tok fleire timar før siste vasstandsfall var normalisert, etter sist nemnde

konsesjonsbrot. Berg Jølstra gruppa påpeikar at ein må pårekne stor yngeldaude under nemnde vasstandsdropp på lita, kald elv om vinteren. Kven har ansvar for at Riksadvokatembetet konkluderer på manglande/sviktande grunnlag i denne saka? Kva med tiltrua til embetet? Villaks og sportsfiskarar/elveeigarar har vel ikkje den store rettstryggleiken i denne saka?

Drifta av Nye Brulandsfoss kraftverk ser ut til å innebere så godt som årlege brot på konsesjonsvilkåra/norsk lov. Berg Jølstra gruppa viser mellom anna til fylgjande:

Situasjon 2013 – 2020:

22. 01 - 2013 : Ikkje kons. brot på målestasjon 1 Neset, men målt 10 cm på målestasjon 2.

21. 02 - 2014 : Fall på 13 cm på 15 min. : 9.92 - 4.20

15. 12 - 2014 : Fall på 11 cm : 45.78 - 36.06

14. 01 - 2016 : Fall på 11 cm på 20 min. : 19.10 - 11.56

06. 10 - 2016: Fall på 9 cm : 61.49 - 48.44

05.01 - 2017: Fall på 10 cm på 10 min. : 55.29 - 43.65

16.05 - 2017: Fall på 21 cm på 20 min. : 44.32 - 22. 28

24.01 - 2017: Målepunktfeil.

20.01 - 2018: Fall på ca. 11 cm : 19.52 - 12.36

23.03 - 2020: Fall på ca. 21 cm på ca. 2 timar : 43.89 – 23.35

Skjematisk oversikt viser konsesjonsbrot, og vasstandsfall som Berg Jølstra gruppa vurderer gjer stor skade på yngelbestand i Jølstra. Lita og kald elv vinterstid disponerer for vesentleg skade.

Så seint som hausten 2021 plukka elveeigar daud yngel på fiskesone 3 i Jølstra. Dette som fylgje av vasstandsreduksjon/kalibrering på langt under konsesjongrensa på 10 cm. Atle Harby og Sintef har granska stranding ved simuleringsforsøk. Men Sintef/Harby har ikkje gjort elvespesifikke, konkrete undersøkelser ved brå vasstandsfall i elvesenga i Jølstra. Elveeigarar og sportsfiskarar plukkar framleis med ujamne mellomrom daud yngel frå botnsubstratet i Jølstra som fylgje av vasstandsendingar, svært mykje mindre enn konsesjongrensa. Ein må i denne situasjonen ikkje ha utgangspunkt i kartet, og tru ein kan endre terrenget. Utgangspunktet må vere ei konkret elveseng med karakteristika. Berg Jølstra gruppa si vurdering er at grensa for lovleg drift av Brulandsfoss kraftverk må strammast inn, slik at ein ikkje lenger tek livet av laksyngel med vasstandsreduksjonar på 3 – 5 cm. Så vidt Berg Jølstra gruppa er kjende med finst det i 2022 inga oppdatert oversikt over kunstige, brå vasstandsendingar under 10 cm. Under reparasjonsarbeid i kraftstasjonen i 2016/2017 vart konsesjonsvilkåra for drift av Brulandsfossen kraftverk suspendert etter søknad frå regulanten. Gruppa identifiserte i perioden svært mange større og mindre kunstige, brå endringar i vasstand produsert av regulant. Vi er heller ikkje kjende med at denne unntakssituasjonen er kartlagd. (Jfr. krisetal for villaksfangst i Jølstra i 2020 og 2021.)

For dokumentasjon og redningsplanke/løysingsframlegg i høve villaksen i Jølstra viser Berg Jølstra gruppa til tidlegare oversende dokument til Statsforvaltaren i Vestland. Skriva er datert 02.09 - 2020 og 23.08 - 2021. Her viser Berg Jølstra gruppa mellom anna til ei krise i fangst over 4 år etter kvarandre. Oppsving i fangst eit einskildår, etter stort lakseinnslag til dei fleste norske lakseelvar, gode oppveksttilhøve i hav/sjø og optimal vassføring for oppgang i Førdeelva vil ikkje lenger vere nok til å berge Jølstralaksen. Lakseforvaltning føregår i syklusar på 4 – 5 år. Villaksstamma i Jølstra er

utarma etter årevis med menneskeskapte belastningar, og toler difor langt mindre enn ei bærekraftig laksstamme vil gjere. Sist ovanneemde dokument er ikkje vedlegg til dette skrivet.

17.07 – 1992 gjorde Direktoratet for Naturforvaltning vedtak om freding av Jølstra. I «Forbud mot fiske etter laks i Jølstra» slo Direktoratet for Naturforvaltning 30 år tilbake fast: «Bakgrunnen for vedtaket er at fisket for andre år på rad har vært ekstremt dårlig, og at det i forbindelse med anleggsarbeid og innkjøring av nytt kraftverk i Brulandsfossen skjedde flere uhell som ifølge Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har påført flere årsklasser av yngel stor skade». Eit lite kjekt 30 – års jubileum for Jølstra i desse dagar, når Berg Jølstra gruppa dokumenterer at laks og sjøaure framleis opplever konsesjonsbrot, stranding og død i Jølstra. Og at ein nok enno ikkje ,etter tre tiår, har greidd å få på plass ei bærekraftig drift av Nye Brulandsfoss kraftstasjon.

Som tidlegare nemnt set vi pris på lagspel frå Sunnfjord kommune. Gruppa har også så seint som 06.07 i år hatt eit konstruktivt og positivt møte med sakshandsamar i NVE - Region Vest. Og vi ser fram til vidare godt samarbeid her. Regionkontoret i Førde har også tidlegare, under leiar Brakestad, vist seg å vere vesentleg meir løysingsorienterte enn hovudkontoret til NVE i Oslo.

Førde 17.07 - 2022

Mvh

For Berg Jølstra – gruppa


Rune Ramstad


Rune Øksenberg


Arne Høisæther

Øvrige medlemmer av gruppa;

Jan Erik Aase, Morten Taule, Johan Peter Øren, Vemund Gjøstein, Rolf Inge Tormodset, Jan Ove Brede, Olav Årskaug, Tor Jørgen Spurkeland, Håvard Halbrend.

PS:

Berg Jølstra gruppa beklagar understrekingar/påskrift på einskilde vedlegg. Ein har ikkje rekna med at det skulle bli naudsynt å nytte dokumentasjonen i forvaltningssamanhang/formelle skriv.

Kopi: Statsforvaltaren i Vestland v/ Gry Walle, Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger.